

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	28.08.2023
Vår referanse	2022/94484-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 66 bnr. 1 - Osterøy kommune - ferdigstilt arkeologisk undersøking

Vestland fylkeskommune Arealplan viser til sak om oppføring av husvogn og veg på Hundhammar, Osterøy.

Den 24.08.2023 vart det gjort ei arkeologisk registrering på staden. Det vart gjort ei sondering på arealet som skal omdisponerast til veg. Vidare vart det gjort ei arkeologisk gransking av røysa der oppstillingsplassen vert.

Det vart ikkje gjort sikre observasjonar av automatisk freda kulturminne. Dyrka mark er skrinne og ligg over fleire berg som er synleg i bakkenivå. Røysa er i dag brukt som rydningsrøys, me la opp til ei arkeologisk gransking av det me kunne sjå var eldste del. Det vart opna ei sjakt inn frå søraust og ein vel 2 meter inn i eldre del av konstruksjonen. Undersøkinga viste at røysa ligg mest på berget og er etter alt å døme ei gamal rydning. Det var ikkje råd å tidfeste anlegget.

Ut i frå inntrykket i felt er dette ei rydningsrøys bygd av heller større løftestein der fyllet i mellom blokken er mindre brotstein. Knust glas og fajanse vart funne i øvre del av røysa. Me vurderer det slik at røysa er frå nyare tid og det er slik ikkje knytt noko lovheimla vern til denne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift